

Kommunal planstrategi for Vestnes kommune 2025 –2028

Ei prioritering av planoppgåver i kommunestyreperioden.

Høyringsforslag



Innhald

Om kommunal planstrategi.....	2
Plan og styringssystemet i Vestnes kommune	3
Nasjonale og regionale føringar for planarbeidet	4
Utviklingstrekk og utfordringar.....	6
Planbehov knytt til samfunnsutfordringar	8

Om kommunal planstrategi

Ein planstrategi er eit verktøy for å vurdere og prioritere behovet for overordna planlegging i kommunestyreperioden. Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova §10-1.

Planstrategiarbeidet skal styrke den politiske styringa av planarbeidet, samtidig som ein forenkler og forbetrar planleggingsprosessen og etablerer ein kultur for god planlegging.

I planstrategien tar kommunestyret stilling til om det er behov for å sette i gang arbeid med nye planar, eller om dei gjeldande planane bør reviderast eller opphevast i løpet av valperioden.

Planbehovet for valperioden blir vurdert på bakgrunn av samfunnsutviklinga, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og sektorane si verksemd. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er ein viktig del av grunnlaget for kommunal planstrategi.

I arbeidet med kommunal planstrategi er hovudspørsmålet om den gjeldande kommuneplanen skal vidareførast, eller om heile eller delar av den skal fornyast.

Vestnes kommune starta arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel våren 2023. Planen er forventa vedtatt i starten av 2025. Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er igangsett. Det er forventa vedtak i løpet av våren 2025. Planstrategien for 2025-2028 vil derfor bli avgrensa til å vurdere behovet for temaplanar og interkommunale planar.

Planlegginga i ein kommune skal være behovsstyrt og ikkje bli meir omfattande enn nødvendig. Dette er også nedfelt i plan- og bygningslova § 3-1 tredje ledd.

Plan og styringssystemet i Vestnes kommune


Kommuneplanen er Vestnes kommune sitt overordna planverk. Alle kommunar skal ha ein kommuneplan, jf. Plan og bygningslova § 11-1. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel (samfunnsplan) og ein arealplan.

Kvart år skal følgjande styringsdokument utarbeidast på overordna nivå:

- Kommuneplanen sin handlingsdel, jf. Plan- og bygningslova § 11-1 og kommunelova 14-4, 5.ledd
- Økonomiplan og årsbudsjett, jf. kommunelova kap. 14

Kommuneplanarbeidet er grunnlaget for arbeidet med tema- og fagplanar. Temaplanar eller fagplanar er ein strategisk overordna plan som har til hensikt å løyse eit samfunnsbehov eller ei utfordring. Disse planane skal ta utgangspunkt i måla frå kommuneplanen sin samfunnsdel.

Figuren nedanfor synleggjer oppbygginga av planverket vårt.



Figur 1 Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet. (Kjelde: regjeringen.no)

Nasjonale og regionale føringer for planarbeidet

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging blir lagt fram kvart 4. år, og gir eit samla uttrykk for den sittande regjering sine viktigaste prioriteringar for den komande fireårsperioden.

I nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging for 2023-2027, har regjeringa valt fem overordna perspektiv:

- samordning og samarbeid i planlegginga
- trygge og inkluderande lokalsamfunn
- velferd og berekraftig verdiskaping
- klima, natur og miljø for framtida
- samfunnssikkerheit og beredskap

FN sine berekraftsmål skal vere grunnlaget for all planlegging

I arbeidet med regional planstrategi er det ei nasjonal forventning om at FN sine berekraftsmål blir lagt til grunn for all planlegging. Planlegging for berekraftig utvikling er forankra i plan- og bygningslova, der formålsparagrafen slår fast at lova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.



Figur 2 «Bryllupskakemodellen» av berekraftsmåla. Kjelde: Hans Græsli - Azote for Stockholm

Forventningsbrevet frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

I forventningsbrevet for 2023 informerer Statsforvaltaren om sentrale forventingar og oppdrag frå nasjonale myndigheiter. Brevet gir ei oversikt over oppgåver og satsingar i nasjonal politikk, og løfter opp forventningane til kommunane. [Forventningsbrev 2023 | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal \(statsforvalteren.no\)](#).

Tema og problemstillingar kommunane skal ta tak i:

- Berekraftsmåla må legge føringar for kommunal planlegging
- Kommunen må tilpasse verksemda slik at den kjem i økonomisk balanse
- Ei berekraftig arealforvaltning som ser samanhengen mellom utbygging, klimaendringar og tap av natur.
- Kommunen skal ha ei oppdatert ROS-analyse og nødvendige beredskapsplanar
- Arbeide for eit godt og samordna tenestetilbod til alle barn og unge
- Kommunane har ansvar for å gi individuelt vurderte helse-, sosial- og omsorgstenester til alle sine innbyggjarar.

Føringar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeider kvart fjerde år [regional planstrategi](#). Planstrategien, som er utarbeidd i samarbeid med kommunar, statlege organ og organisasjonar, viser korleis ressursane skal prioriterast for å oppnå ønska utvikling i fylket.

[Fylkesplan for Møre og Romsdal - Møre og Romsdal fylkeskommune \(mrfylke.no\)](#)

vart vedtatt i fylkestinget 10.06.2024. Fylkesplanen gir fylkeskommunen, kommunale og regionale styremakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit grunnlag for å kunne prioritere og ta avgjerder. Planen skal også medverke til samarbeid og samhandling i fylket. Fylkesplan 2025 – 2028 er bygd opp rundt FN sine berekraftsmål, og er derfor eit tverrsektorielt styringsdokument.

Fylkesplanen blir utdjupa gjennom ei rekke fylkesstrategiar som følger opp fylkesplanmåla.

Ny lov som gir føringar for planlegginga i kommunen.

Ny bustadsosial lov

Stortinget vedtok 12. desember 2022 ei ny lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. [Bustadsosiallova](#) vart sett i kraft frå 1. juli 2023. Formålet med lova er at den skal førebygge sosiale utfordringar, og bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Dette betyr at kommunane må ta eit større ansvar for samordning, og pliktar å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga.

Bustadsosiallova § 5 beskriv kommunen sitt ansvar for organisering og samarbeid på tvers av sektorar og samordning av sine tenester. Kommunen skal også ha oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Oversikta skal danne grunnlaget for drøfting og planlegging av det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Utviklingstrekk og utfordringar

Planstrategien skal vurdere planbehovet på bakgrunn av utviklingstrekk og utfordringar i samfunnet. Våren 2023 vart det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som er grunnlaget for kommunal planstrategi og kommuneplanarbeidet.


Globale og nasjonale utviklingstrekk og utfordringar

Globale, nasjonale, regionale og lokale utfordringar heng saman og påverkar korleis Vestnes kommune må arbeide framover. Perspektivmeldinga 2024 løfter fram tre hovudutfordringar som det er viktig at vi løyser i fellesskap dei neste åra.

- **Kamp om arbeidskrafta:** Omsorgsoppgåvene blir fleire, men vi blir ikkje fleire i yrkesaktiv alder til å utføre dei.
- **Behov for omstilling:** Auka spenningar i verda, klima- og naturendringar og avtakande petroleumsaktivitet fører til endringar og forsterkar behovet for å bruke ressursane godt og riktig.
- **Framleis god fordeling:** Små forskjellar og stabil tilgang på velferdstenester i heile landet må bevarast i møte med omstillingane og det faktumet at mange lever lenger.

Regionale og lokale utfordringar og moglegheiter

Ifølge SSB vil folketalet krympe i 40 % av kommunane fram mot 2050. Byane vil vekse, medan det er liten eller ingen vekst i distrikta. Fram mot 2050 er det venta ein reduksjon i folketalet i Vestnes kommune samtidig som andelen eldre aukar. Endringa i alderssamansettinga endrar behovet for tenester og drar opp utgiftene til pensjonar og helse- og omsorgstenester. Samtidig vil skatteinntektene vekse saktare, fordi veksten i antal sysselsette flatar ut. Ser vi fram mot 2050, aukar utfordringane. Vi må lykkast på fleire område for å balansere staten sine utgifter og inntekter: fleire må sysselsettast, eldre må stå lengre i arbeid, og vi må legge til rette for innovasjon og nyskaping.



Figur 3 Tal på personar i yrkesaktiv alder (20-66år) bak kvar pensjonist i Vestnes kommune. Kjelde: SSB Folketal tabell 07459 og Framskrive folkemengd hovudalternativet tabell 14288. Illustrasjon: Vestnes kommune

Vestnes kommune kjem dårleg ut på fleire levekårsindikatorar som til dømes psykisk helse, trivsel og utanforskap blant dei unge. Utdanningsnivået i befolkninga er relativt lågt, og fråfallet i vidaregåande skule er høgt. Dette har konsekvensar for helse, tenestebehov og framtidig arbeidsdeltaking.

Vi står midt i ei klima- og naturkrise, der klimaendringane viser seg i form av ekstremvêr med ekstrem vind, ras og flaum. For å avgrense skadane krev det at vi alle arbeider for å redusere klimagassutslepp og tapet av natur.

Det er krig, både i Europa og Midtausten, og kamp om det geografiske og teknologiske hegemoniet mellom Kina, USA og Russland. Den geopolitiske situasjonen er meir usikker og utrygg enn på lenge. Krigar og klimaendringar vil føre til store folkevandringar. Vestnes har sidan 2022 tatt imot 330 flyktningar frå Ukraina. Det er uvisst kor lenge krigen vil vare og vi må forvente å ta imot fleire. Arbeidet med å ta imot og integrere flyktningane er ei viktig oppgåve framover.

Digital transformasjon kan gi oss store moglegheiter til å løyse oppgåver meir effektivt, og kunne redusere behovet for meir arbeidskraft i framtida. Samtidig er det også ein del utfordringar med den raske utviklinga. Kommunen må arbeide for å utnytte desse moglegheitene på ein offensiv, bevisst og kreativ måte.

Les meir om utfordringsbiletet her:

- [Perspektivmeldingen 2024 - Meld. St. 31 \(2023–2024\) – \(regjeringen.no\)](#)
- [Kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi \(PDF, 2 MB\) \(mrfylke.no\)](#)
- [Diskusjonsgrunnlag - Kommuneplanens samfunnsdel 2024-2036 \(vestnes.kommune.no\)](#)

Planbehov knytt til samfunnsutfordringar

Revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

Kommunal planstrategi med planprogram for Vestnes kommune for 2021-2030 vart Vedtatt i kommunestyret 21.03.2021.

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er under revidering, og er forventa Vedtatt i starten av 2025. Føringer i kommuneplanen sin samfunnsdel gir grunnlag for prioritering av planoppgåver i komande kommunestyreperiode.

FN sine berekraftsmål er lagt til grunn for planarbeidet.

I arbeidet med å definere samfunns mål for Vestnes kommune, har vi lagt vekt på å involvere breitt. Dette har vi gjort ved å utfordre politikarar, næringsliv, innbyggjarar, organisasjonar og tilsette i kommunen til å kome med innspel til utviklinga av Vestnes-samfunnet. Etter innspelsrunden vart innspela strukturert og drøfta politisk.

Dei tilsette i Vestnes kommune har gitt konstruktive innspel til korleis kommunen som organisasjon skal utvikle og fornye seg framover.

Som eit ledd i revideringa av kommuneplanen sin arealdel, er det nødvendig å foreta ei kartlegging av eksisterande planreserve, både i arealdelen og i eldre reguleringsplanar. Ny kunnskap har kome til, og krav til planarbeidet har endra seg dei seinare åra. Det er derfor behov for å gjennomgå avsette utbyggingsområde og ta ut område som er viktige for naturmangfald, landbruks- eller friluftslivsinteresser eller område der samfunnstryggleiken ikkje er vareteken. Dette kan være område i arealdelen som har vore avsett til utbygging gjennom fleire rulleringar utan at dei har blitt realisert, eller gamle reguleringsplanar som ikkje er utbygd. Kommunen har søkt og motteke midlar frå Miljødirektoratet for å gjennomgå eldre reguleringsplanar med tanke på å vareta naturmangfald.

Gamle og utdaterte reguleringsplanar fører til mange dispensasjonssøknadar. Dette fører til lengre saksbehandlingstid og auka kostnader for innbyggjarane.



Figur 4 Illustrasjonen viser korleis FN sine berekraftsmål heng nøye saman med kommunen sine satsingsområde.

Planer for gode kvardagsliv

I Vestnes har vi eit levande kulturliv med eit mangfald av lag og organisasjonar. Dei kommunale kulturinstitusjonane, som frivilligsentral, kulturskule, bibliotek og ungdomsklubb, har lange tradisjonar for å samarbeide med ideelle lag og organisasjonar for å skape gode tilbod for innbyggjarane. Kultur bind oss saman og gir oss identitet og er ei kjelde til kreativitet, fellesskap og livsglede. Forsking viser at deltaking i kunst- og kulturaktivitetar kan bidra til auka livskvalitet og forbetre mental helse og velvære. Gode styringsverktøy som gir grunnlag for statleg og fylkeskommunal støtte må vere oppdatert. Det blir derfor foreslått rulling av følgjande planar: **Forvaltningsplan for statleg sikra friluftsområde, plan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og kulturbygg - handlingsdel og kulturarvplan - handlingsdel.** I tillegg er det starta opp eit arbeid med ein **ny plan for friluftslivets ferdselsårer og Langsiktig plan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og kulturbygg.**

Vestnes kommune har gode føresetnader for eit godt oppvekstmiljø, med nærleik til naturen, gode fritidstilbod og eit trygt lokalmiljø. Likevel slit vi, som andre kommunar, med ein del utfordringar blant barn og unge. Dette gjeld spesielt psykisk uhelse, låg trivsel, dårlege skuleresultat og høgt fråfall i vidaregåande skule. I tillegg viser statistikken at mange unge vaksne verken er under utdanning eller i arbeid. Desse utfordringane krev at vi arbeider med førebygging, meistring og trivsel. **Ny plan for oppvekst** vil samordne det forebyggjande arbeidet innan oppvekst. Planen er ein overordna plan som vil avklare behov for underliggjande planar.

I dag manglar vi helsepersonell og denne utfordringa vil bli forsterka framover. Vi lever lenger, samstundes som det blir færre i arbeidsdyktig alder til å ta hand om pleietrengande. Utviklinga dreg opp utgiftene til pensjonar og helse- og omsorgstenester. Dette krev mellom anna at vi arbeider med førebygging og utvikling av effektive og gode tenester. **Ny plan for helse og omsorgstenester** vil samordne og prioritere det overordna arbeidet i Vestnes kommune. Stortinget har vedtatt ei ny bustadsosial lov som gir kommunane hovudansvaret for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. **Ny Plan for bustadpolitikk** er ein temaplan som både omhandlar den generelle og den sosiale bustadpolitikken. Planarbeidet skal gi oss oversikt og kunnskap om bustadbehovet, og gi føringar før bustadpolitikken framover. **Interkommunal Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2021-2025** vidareførast. Planen er ein forebyggjande plan for det løpande arbeidet i kommunen. **Alkoholpolitisk plan for 2024- 2027** vart vedtatt i kommunestyret våren 2024, og inneheld alkoholpolitiske retningsliner som omhandlar sal og skjenking av alkohol. **Ny Rusmiddelpolitisk plan** skal dekke heile det rusfaglege området: Førebyggjande innsats, løyvepolitikk og behov for innsats på rehabiliteringsområdet. Det bør vurderast om alkoholpolitisk plan og ruspolitisk plan bør samordnast.



Planer for verdiskaping og attraktivitet

Vestnes kommune har i dag aktive bygder der det blir skapt store verdiar gjennom næringsaktivitet innan skipsbygging, mekaniske verkstader, landbruk og havbruk. I bygdene har vi eit aktivt kultur- og idrettstilbod basert på frivillig arbeid med mange eldsjeler. Vestnes har over ein lengre periode arbeidd målretta med tettstadsutvikling i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette har gitt oss eit kompakt og attraktivt sentrum med vekst i handel- og servicenæringa. Oppfølging av **områderegulering for Vestnes sentrum Helland og vidare arbeid med tettstadsutvikling** i samarbeid med innbyggjarane, næringslivet og fylkeskommunen, skal bidra til å styrke kommunen sin attraktivitet.

I Vestnes har vi ein relativt høg del av unge vaksne som verken er i arbeid eller under utdanning. Vi treng all arbeidskraft vi kan få i framtida. Det er derfor viktig at kommune, stat, og næringslivet samarbeider om å få så mange som mogleg ut i arbeidslivet. **Plan for oppvekst og Plan for førebyggjande arbeid mot omsorgssvikt og åtferdsproblem hjå barn og unge i Vestnes kommune 2024-2026 (vidareføre)** er begge viktige for å følge opp denne utfordringa.

Vår plassering i fylket gjer at kommunen kan tilby eit rikt tenestetilbod og ein variert arbeidsmarknad med ei reisetid innanfor 60 minutt. Plasseringa gjer det også mogleg å rekruttere arbeidskraft frå andre kommunar og gjere oss attraktive for ny næringsverksemd. Dette fortrinnet må vi nytte. For å vere attraktive må Vestnes kommune framstå som ein god bukommune med gode tenester og eit godt oppvekstmiljø. I eit godt lokalmiljø er det viktig å kunne ferdast trygt enten man er fotgjengar, syklist eller bilist, barn, ungdom eller vaksen. **Trafikktryggingssplan** har til hensikt å auke og samordne kommunen sin innsats i trafikktryggingssarbeidet, dette arbeidet heng tett saman med arbeid for betre folkehelse og god stadsutvikling. Planen er grunnlag for kommunen sin utvikling og opprusting av vegnettet, for prioritering av aktuelle tryggingstiltak og søknadar om tilskot til slike tiltak.

Plan for avløp og plan for vassforsyning er viktig for å kunne tilby robuste, berekraftige og gode tenester til innbyggjarane.



Planer for klima, miljø og beredskap

Endringar i arealbruk trugar naturmangfaldet. Tap av naturmangfald påverkar økosystema og reduserer naturen si evne til å levere viktige tenester som til dømes opptak og lagring av karbon, handtering av overvatn, klimaregulering og reinsing av luft og vatn. Det er kommunane som har hovudansvaret for arealbruken i Noreg, og slik har vi ei nøkkelrolle i arbeidet for å hindre tap av naturmangfald. Gjennom gode val no, kan vi sikre at framtidige generasjonar kan nyte og nytte naturen og leve godt i Vestnes også i framtida. I arbeidet med **kommunedelplan for naturmangfald** er det kartlagt viktige naturområde. Planen skal også synleggjere naturmangfaldet som ein ressurs for kommune. Det vil gi eit godt grunnlag i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og andre arealplanar. I planperioden vil Vestnes kommune **revurdere alle eldre reguleringsplanar** slik at dei er i tråd med nasjonal arealpolitikk, regionale føringar og ønska utvikling av areal og samfunn.

Framover vil vi oppleve meir ekstremvêr, auka havnivå og endra nedbørsmønster. Det aukar risikoen for ras, flaum og erosjon. Tiltak for klimatilpassing blir viktige for å beskytte både menneske og infrastruktur. Vi har ein reguleringsplan for skredsikring i Tomrefjorden Vedtatt i 2008. Vi har eit pågåande prosjekt som har utgreia skredfaren i området og vil i fase to av prosjektet avklare skredetekniske premisser for sikring. Resultatet av dette prosjektet vil avklare om det blir naudsynt med ein revidering av **planen for skredsikring i Tomrefjorden**.

Samtidig som vi må tilpasse oss endringane som kjem, må vi også redusere klimagassutslepp for å bremse den vidare utviklinga. Alle delar av samfunnet må bidra til å redusere den samla ressursbruken. Samarbeid, teknologi og innovasjon kan bidra til at vi kan få meir ut av mindre både når det gjeld materialar, energi og areal. Eit samarbeid med andre kommunar i fylket er naudsynt i arbeidet med ein ny **klima- og energiplan**.

Klimaendringar, krig og terror krev at vi har fokus på beredskap. Straumstans og stopp i vassforsyning kan ha store konsekvensar, men også større dataangrep kan vere lammande for eit samfunn. Ei løpande oppdatering av ROS-analysen og beredskapsplanen vil vere viktig for å redusere tap og hindre ulykker i framtida. **Beredskapsplanen** skal sikre at kommunen skal kunne ta hand om sikkerheit og tryggleik for dei som bur og ferdast i kommunen, og at kriseleiinga skal ha eit verktoy for å kunne reagere rasjonelt og effektivt i kritiske situasjonar.

Interkommunal plan for sjøområda i Romsdalsfjorden er ein viktig plan for forvaltning men også bruk av våre marine ressursar i kommune. Oppstart av denne plana må avklarast med samarbeidskommunane og Møre og Romsdal fylkeskommune.



Planoppgåver for perioden 2025-2028

Under er ein tabell over overordna planar, strukturert etter plantype i plansystemet.

Tabellen syner type planendring, status og framdrift og gir ein kort forklaring av innhald og hensikt for dei ulike planane.

Det er ressurskrevande å gjennomføre eit planarbeid og det er derfor nødvendig at planane blir fordelt gjennom planperioden.

Kommuneplanar

Namn på plan	Type endring	Status og framdrift	Kort beskriving
Kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2036	Rullering	Planforslag blir lagt ut på høyring haust 2024. Vedtak vår 2025	Overordna styringsverktøy. Kommuneplanen legg grunnlaget for val og prioriteringar, både politiske og administrative.
Kommunedelplan for naturfangfald 2025- 2036	Ny plan	Planforslag er under utarbeiding. Forventa vedtak vår 2025	Planen er eit verktøy for å få oversikt over naturmangfaldet i kommunen og prioritere arealbruk og tiltak. Arbeidet skal nyttast i arealplanen og i plansaksbehandlinga.
Kommuneplanen sin arealdel 2025-2036	Revidering	Planprosessen er igangsett. Forventa vedtak haust 2025.	Arealplanen er basert på føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Arealplanen inneheld: eit kart, ein detaljert planomtale med konsekvensutgreiing og føresegner for kva som kan byggast i området planen dekker.

Tema-, fag og arealplanar

Namn på plan	Type endring	Status og framdrift	Kort beskriving
Trafikktryggingsplan 2025-2028	Rullering	Oppstart 2024. Det er gjennomført kartleggingar i 2024. Forventa vedtak haust 2025	Trafikktryggingsplan 2015-2018 vart vedtatt i KS 25.09. Planen har til hensikt å auke og samordne kommunen sin innsats i trafikktryggingsarbeidet. Planen er grunnlag for: <ul style="list-style-type: none"> - kommunen sine planar for utvikling og opprusting av vegnettet. - Innspel til Statens vegvesen og Fylkeskommunen når det gjeld prioriteringar på overordna vegnett. - prioritering av aktuelle tryggingstiltak og for søknad om tilskot til slike tiltak.
Plan for friluftslivets ferdselsårer	Ny plan	Oppstart vår 2024 Forventa vedtak haust 2025	Plan for friluftslivets ferdselsårer skal identifisere, vareta og utvikle stiar, turvegar, løyper og leder som er viktige for friluftsliv. Fylkeskommunen har løyvd midlar til arbeidet.
Plan for oppvekst	Ny plan	Oppstart haust 2025 Forventa vedtak haust 2026	Overordna plan for oppvekstsektoren vil erstatte plan for kvalitetsutvikling for grunnskulen som vart Vedtatt 26.03.2014. Vidare vil plan for barnehagestruktur, språkplan for grunnskulen og handlingsplan for psykososialt læringsmiljø (Under utarbeiding), inngå i planen.
Plan for førebyggjande arbeid mot omsorgssvikt og åtferdsproblem hjå barn og unge i Vestnes kommune 2024-2026	Vidareføre	Vedtatt av kommunestyret 20.06.2024 i sak PS-46/24	Planen inneheld mål og samordning av tenestetilbodet til gravide, barn, unge og deira føresette slik at kommunen i større grad kan sikre innbyggjarane rett hjelp til rett tid og på rett nivå.

			Planen er utarbeidd i tett samarbeid mellom helse og oppvekst.
Plan for vassforsyning	Ny plan	Planutkast er under utarbeiding. Vedtak tidleg vår 2025	Plan for vassforsyning er eit verktøy for å kartlegge status og vere ei koordinerande støtte for dei private vassverka i kommunen.
Overordna beredskapsplan	Vidareføre	Vedtatt 06.03.2023 Beredskapsplanen oppdaterast fortløpande etter behov.	Overordna beredskapsplan er ei oppfølging av overordna ROS- analyse som vart godkjent i kommunestyret våren 2023. Analysen oppdaterast kvart 4. år eller etter behov. Beredskapsplanen skal sikre at kommunen skal kunne ta hand om sikkerheit og tryggleik for dei som bur og ferdast i kommunen, og at kriseleiinga skal ha eit verktøy for å kunne reagere rasjonelt og effektivt i kritiske situasjonar.
Plan for bustadpolitikk	Ny plan	Oppstart vår 2025 Forventa vedtak 2026	Planen skal innehalde mål for framtidig bustadpolitikk, tiltak som skal legge til rette for godt bustadsosialt arbeid og god utnytting av verkemidlar og ressursar. Planen erstattar bustadsosial handlingsplan 2011- 2014, vedtatt i KS.
Helse – omsorgsplan	Ny plan	Oppstart haust 2025. Forventa vedtak haust 2026.	Hensikta er å planlegge for utfordringar, avstemme forventningar og sikre at tenesteytinga er i tråd med myndigheitskrav. Planen erstattar omsorgsplan Vedtatt i KS 2014. Planen vil avklare behov for underliggende planar.
Plan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og kulturbygg	Rullere/ny plan	Handlingsdelen blir rullert årleg.	Det er eit krav frå Kulturdepartementet at alle kommunar skal ha ein plan for idrett og fysisk aktivitet som grunnlag for tildeling av spelemidlar. Handlingsdelen inneheld ei oversikt over

			<p>prioriterte tiltak og blir rullert årleg.</p> <p>Langsiktig anleggsplan er planlagt Vedtatt i 2026.</p>
Kulturarvplan Handlingsdel 2019-2022	Rullering	Vedtatt i 2019. Planen rullerast i 2027.	<p>Kulturarvplanen inneheld fyldig lokalhistorie og omtale av kulturminne.</p> <p>Handlingsdelen kjem med framlegg til prioriteringar for å gjennomføre kulturminnevern i praksis.</p>
Forvaltningsplan for statleg sikra friluftsområde 2024-2027	Rullering	Oppdatert i 2024. Planen gjeld til 2028, men kan oppdaterast årleg ved behov.	<p>Forvaltningsplanen er ein temaplan for korleis kommunen skal forvalte og vedlikehalde dei statleg sikra friluftsområda sine.</p> <p>Planen inneheld beskriving av dei sikra områda og oppdatert tiltaksliste for dei neste fire åra. Planen dannar grunnlag for prioriteringar, og planlagde tiltak må vere omtalt i planen for at kommunen eller friluftsrådet skal kunne søke om statlege eller fylkeskommunale midlar.</p>
Temaplan for avløp	Rullering	Arbeid med planen er igangsett. Forventa vedtak 2025/2026	<p>Planen er eit strategisk overordna styringsdokument som gir føringar for avløpshandteringa. Planen skal planlegge for å:</p> <ul style="list-style-type: none"> Redusere utslepp Sikre miljøvennlege løysingar Levere gode og sikre tenester.
Alkoholpolitisk plan 2024- 2028	Vidareføre	Vedtatt i kommunestyre våren 2024	<p>Planen er ei lovpålagt oppgåve som inneheld alkoholpolitiske retningslinjer som omhandlar sal og skjenking av alkohol. Forrige plan vart Vedtatt i 2020 og var gjeldande for perioden 2020 – 2024.</p>
Rusmiddel politisk plan	Ny plan	Oppstart av plan i 2027.	<p>Rusmiddelpolitisk plan skal dekke heile det rusfaglege området: Førebyggande innsats, løyvepolitikk og behov</p>

			for innsats på rehabiliteringsområdet. Det bør vurderast om alkoholpolitisk plan og ruspolitisk plan bør samordnast.
Strategisk kompetanseplan	Rullering	Oppstart av planarbeid 2025 Forventa vedtak 2026	Eksisterande plan 2019-2023 er vedtatt i kommunestyret i 2020. Planen inneheld en oversikt over kompetansebeholdning i kommunen. Hensikta er at vi skal ha rett kompetanse til rett tid.
Skredsikringstiltak i Tomrefjord	Endre/oppheve /ny plan	Vedtatt vår 2008. Pågåande arbeid for utgreiing av skredfare 2024/2025.	Planen inneheld dimensjonering og planlegging av konkrete skredsikringstiltak i samsvar med til teknisk forskrift 1997. Pågåande prosjekt har utreda risiko for skred i bratt terreng, og skal no inn i fase to som er forprosjekt sikringstiltak mot skred i samsvar med TEK 17. Prosjektet vil avklare planbehovet.
Områderegulering Vestnes sentrum - Helland	Vidareføre	Vedtatt 15.12.2016	Planen skal kombinere tydelege rammer, føreseielegheit og fleksibilitet i ein reguleringsplan som skal utløyse vekst, utbygging og nye investeringar i Vestnes sentrum.

Interkommunale planar

Namn på plan	Type endring	Status og framdrift	Kort beskriving
Interkommunal plan for sjøområda i Romsdalsfjorden	Rullering	Vedtatt 22.06.2017 I beste fall ny plan 2026/2027 Oppstart av planen avhengig av dei andre kommunane og Fylkeskommunen.	I dette arbeidet er det behov for kartlegging av sjøbotn, vern og utbygging. Justeringar som følge av ny berekraftig teknologi må avklarast i planarbeidet.
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2021-2025	Vidareføre	Planen vart politisk vedtatt sak RS-5/22 i kommunestyret 07.06.2022.	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar er ein felles plan for kommunane Aukra, Gjemnes, Hustadvika, Molde, Rauma, Sunndal og Vestnes. Planen blei digitalisert i 2022 i samband med rullering.
Overordna kompetanseplan for Romsdalsregionane 2024- 2034	Ny plan	Under utarbeiding Forventa vedtak vår 2025	Planen er eit verktøy for etterutdanning for barnehage- og grunnskulepedagogar.
Klima- og energiplan	Ny plan	Dette må bli avklart med andre kommunar.	Vestnes kommune har ein klima- og energiplan som vart vedtatt i 2011. Planen bør framover vere interkommunal eller regional. Interkommunalt eller regionalt samarbeid vil vere meir effektivt for å redusere dei globale klimagassutsleppa, redusere energibehovet og utvikle fornybar energi.



Brugata 10 | 6390 VESTNES
Telefon: 71 18 40 00
E-post: servicekontoret@vestnes.kommune.no

Org.nr 939 901 965 | Kommunenummer 1535

Forside- og baksidebilde: Zbigniew «Ziggi» Wantuch



Vestnes
kommune